



Voss herad
Postboks 145
5701 VOSS

Vår dato:
23.06.2025

Vår ref:
2025/2865

Dykkar dato: Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Tilbakemelding etter kommunemøte med Voss herad 21.05.25.

Vi viser til møte med Voss herad 21.05.25. Statsforvaltaren vil takke kommunen for informasjon, innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebildet er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune, for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebildet før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen som:

- tenesteytar og myndighetsutøvar
- styring og forvalting
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med dykk har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling. Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet til Voss herad var grunnlaget for dialogen i møtet, sjølv om dette ikkje var sendt ut til politikarane i forkant. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.

Ordførar Tonje L. Såkvitne ynskte velkommen og innleia dagen med informasjon om kommunen som samfunn og arbeidsgjevar, og om utvikling og framtid. Som regionsenter opplever heradet at enkeltsaker kan vere vanskelege, spesielt knytt til rekruttering, arbeidskraft og kompetanse, spesielt der det blir konkurranse med andre (nabo) kommunar.



Heradet har spesielle utfordringar i f t flaum, og det er no byggjestans i sentrum av di området ligg under flaumgrensa. Dette vert det jobba med no.

Det er eit rikt kulturliv i Voss, og heradet blir brukt som føregangsdøme når det gjeld kultur. Opprusting av veg og bane, Arna-Stanghelle, blir viktig for Voss framover.

Ass. statsforvaltar Gunnar O. Hæreid leia dagen vidare.

Tenesteytar og myndighetsutøvar

Barnehage, skule og integrering (bemanningsnorm, kompetansebehov, kvalitetsutvikling)

Tenesteområda for skule, barnehage og inkludering, vart presenterte av kommunalsjef Ingeborg H. Upheim. Ho gav uttrykk for at dei får god rådgjeving når dei henvender seg til Statsforvaltaren, og at dei har god nytte av dette no i oppbygging av ny organisasjon, og der dei brukar tid på å setje ting i system.

Statsforvaltaren v/Anne Hjermann påpeikar at sektoren har eit omfattande regelverk, som kan vere vanskeleg å oppfylle på alle område. Problemstillingar i kommunen kan vere at det vert sett stramme og konkrete krav til pedagognormen, samstundes som det er overkapasitet innanfor barnehage-området.

I tillegg er barn som ikkje kjem til skulen lenger – vorte eit problem. Hovudfunksjonen til skulen er å gi barn opplæring, men skulen har også ei samfunnsoppgåve. Korleis er dette i Voss?

Kommunalsjef gir uttrykk for at rekruttering er vanskeleg. Dei nye kompetansekrava er utfordrande, og ein treng fleire fagarbeidarar. Når det gjeld barn sin trivsel og tryggleik er dei største utfordringane i skulen, og det er høgt skulefråvær. Fleire elevar har store samansette behov, og er ikkje på skulen. Ein jobbar med å finne «ei pakkeløysing» når det gjeld undervisning til desse.

Heradet implementerer ein ny nærværplan no og har også ein plan på tidleg innsats, slik at ein skal kunne oppdage barn som har det vanskeleg allereie i barnehagen. Kommunen har eiga PP-teneste, og det er etablert faste møte med utvalget for oppvekst i sektoren.

Ordførar seier at heradsstyret er godt informert om situasjonen innanfor skule og barnehage, og det er varsle ei sak der ein skal sjå på barnehage- og skulestruktur.

Anne Hjermann tok opp spørsmål om tilsyn, og om kommunen kan gjere ei risikovurdering av tenesta, og gje tilbakemelding på kva dei eventuelt ønskjer tilsyn på. Frå kommunen si side kunne dette vera interessant, ut frå at det er mykje god læring i tilsyn.

Tenesteområde for helse og omsorg, sosial og barnevern

Dialogtema var planlegging for ei utvikling mot fleire eldre, kompetanse og fastlegesituasjonen og miljøretta helsevern.

Kommunalsjef Kjersti Nordanger orienterte om dette området, og at deira største problem er rekruttering. Dei har for få faste legar på kommunelegekontoret og dei manglar sjukepleiarar. Dette fører til ekstra utgifter til innleige av vikarar. Voss er ein Tørn-kommune, og ein bruker dette programmet (der det let seg gjere) for å tilpasse personale i tenestene.



Det er fire bygg i drift til sjukeheimspllassar, og det kjem fram at dei treng å sjå på organisering og strukturar her. Det er ingen venteliste på sjukeheimen og kommunen bør redusere talet på langtidspllassar, og bygge opp omsorgsbustader som er bemanna. Det er ikkje auke i heimehjelptenesta, men andel brukarar som dei må kjøpe helsetenester til aukar, for eksempel innanfor psykiatrien. Heradet meiner det er for lite refusjonar frå staten til å dekke dette behovet. Rehabiliteringsavdelinga er veldig viktig, og er ein vesentleg årsak til at det ikkje er auke i heimetenestene.

Heradet har mange eldre og derfor også ein stor andel demente. Talet her er aukande.

Kommuneoverlegen følgjer opp miljøretta helsevern. I diskusjonen kjem det fram at kommunen ønskjer å sjå barnehage, skule og fritid meir i samanheng. Det er spesielle satsingar for utekontaktar, sommarjobb og fritidsaktivitetar. Dette er positivt også med tanke på integrering.

Voss herad har eit prosjekt - Aktivitetslos – i samarbeid med Røde Kors og Kirkens bymisjon. Dette har vore svært positivt og gitt gode resultat.

Trude Letnes sender informasjon om dette prosjektet til Anne Hjermann hjå Statsforvaltaren, som ønskjer å sjå nærmare på dette.

Styring og forvaltning i kommunen.

Dialogtema var kommuneøkonomi, eit endra utgiftsbehov og eigarskap til den økonomiske styringa.

Liv Myklebust, leiar strategi og styring, presenterte den økonomiske situasjonen. Heradet har i dag meirforbruk i tenestene, og må bruke av oppsparte reserver for å balansere budsjettet. Dette er ikkje berekraftig, og ein veit at behovet vil auke framover ut frå demografi, sosiale tenester, vikarbruk og ein desentralisert struktur.

Heradet har no sett i gang eit innsparings-prosjekt, VOSS iPluss2027, som skal ha verknader allereie frå 2025. Statsforvaltaren vurderer no den økonomiske berekrafta til heradet som svak, men at handleevna vil betre seg utover i perioden. Heradet er avhengig av å lukkast med omstillingssprosjektet, og dei effektiviseringstiltak som ligg i økonomiplanen for å betre handlingsrommet.

Samfunnsutvikling og demokratisk arena.

Dialogtema her var miljø og klima – naturkartlegging og naturmangfald, avløp, materialgjenvinning og klimaarbeid, communal planlegging og landbruk.

Kommunalsjef for tekniske tenester, Hans-Erik Ringkjøb, orienterte frå sektoren, og at dei no har fått på plass naturmangfaldplan. Heradet er gode på vatn og avløp, men vil no styrke tilsynsfunksjonen på frittståande avløp. Biogassanlegget på Bjørkemoen er eit viktig klimatiltak, og ein stor investering. Prosjektet – Sirkulære Voss ser på fleire viktige tiltak som kan gi nye mogelegeheter framover.

Voss virka – er eit eige selskap for å få i gang prosessar knytt til ny næring, som er miljø og klima tilpassa. På grunn av flaumfaren på Vangen, vil nytt vassverk på Bømoen sikre stabil og trygg vassforsyning i framtida til innbyggjarane på Voss.

Så langt det går, tenkjer heradet klima i alt dei gjer. Det er mange tiltak, og krevjande å sikre gjennomføring av alle planar. Det er vanskeleg å «finne formen på» å setje opp eit reelt klimabudsjet.



Aalen frå Statsforvaltaren meiner Vossaklima er godt dokumentert og at plan for naturmangfald er bra. Når det gjeld klimagassberekingar i plansaker, er det framleis manglande metodikk for dette, men det skjer mykje utviklingsarbeid, mellom anna har dei større bykommunane eit nettverk på dette, og fylkeskommunen har ressurspersonar. Voss kan utfordre andre kommunar og fylkeskommunen til å dele erfaringar med dei.

Kommunal planlegging, med dialogtema arealdel til kommuneplanen, fritidsbustader og flaumproblematikk.

Hans-Erik Ringkjøb orienterer om at ein jobbar med revisjon av planen, og med planvask og kartlegging. Arealdelen blir å ta opp til neste år. Heradet er tydeleg på at ein ikkje skal opne opp for nye område til fritidsbustader, og at det er regulert inn nok område i dei eksisterande kartområda.

Flaum er ei stor utfordring. Ein vil gjere lokale tiltak først, og så eventuelt større tiltak seinare for å føre vatnet ut av vassdraget. Eit av dei lokale flaumdempende tiltaka er å utvide utløpet av Vangsvatnet. Heradet har fått litt refusjon frå Miljøverndirektoratet til arbeidet. Ei ny forskrift knytt til flaumarbeid skal no på høyring. Kommunen håpar på større trykk på dette framover, og er redd for at all utvikling på Vangen stoppar opp om ein ikkje får dette til.

Dei meiner og at staten må meir «på bana» når det gjeld flaumtunnellar.

Synnøve Stalheim frå Statsforvaltaren meiner Voss jobbar godt med planområdet, men at ein har store arealreservar i gjeldande plan. Heradet har gode plangrunnlag for vidare utvikling. Her er definerte senter, korleis ein skal ha utvikling i vekstsoner, og de jobbar godt også opp mot næringslivet. Det er framleis mykje karbonrike myrareal som ein må ivareta.

Landbruk, med dialogtema jordvern, ureining og spreieareal.

Hans-Erik Ringkjøb orienterte om landbruksureining, og spreieareal som er i orden for heradet etter dagens produksjon. Gjødsel er verdifullt for næringa. Ny forskrift på området begrensar utsleppa, men heradet har framleis areal i reserve.

Voss er den tredje største landbrukskommunen i Vestland, og har gode fagnettverk på området.

Christian Rekkedal frå Statsforvaltaren seier kommunen har god kompetanse på dette området. Ca. 400 bruk søker om produksjonstilskot kvart år, og kommunen har lange tradisjonar når det gjeld mat og drikke, og no også kosmetikk via Vossabia. Biogassanlegget som nyttast gjev god forvaltning av landbruket.

På spørsmål om kor mykje areal ein treng til utvikling opp mot jordvernet opplyser han at fylkeskommunen har laga oversikt og kartlagt areal i kommunane. For Voss viser dette at det er framleis mykje areal att i kommuneplanen som ein kan bruke. Ein kan såleis vere optimistiske, men bør og vere realistiske. Det er fornuftig å tenke romprogram når ein startar arbeidet med arealplanen, gjennomfører ein såkalla planvask på reserveareal som ein realistisk sett ikkje har trong for eller har særskilt verdi for landbruk eller natur.

Ordførar opplyser at det ikkje er lenge sidan kommunen vedtok ny samfunnsdel, men at dei opplever at dei møter «seg sjølve i døra» i arealplanarbeidet, og at utvikling av sentrumsområde ofte kjem i konflikt med matjord. Dei har elles gode prosessar når det gjeld involvering og folkemøte. Dei har og godt samarbeid med næringslivet og ser på ulike moglegheiter for utvikling saman.



Ass. statsforvaltar Gunnar O. Hæreid oppsummerte med at kommunen gir eit godt inntrykk og jobbar godt. Langsiktig tenking på barn og unge og folkehelse, og eit godt tverrsektorielt frivillig samarbeid er viktig. Arbeidet med klimatilpassing er viktig og vert prioritert. Heradet må gjennom nokre vanskelege avgjærder for å oppnå økonomisk berekraft, og det er då viktig med saklege og konstruktive diskusjonar i rette forum, og at kommunen står samla om konklusjonane.

Med helsing

Synnøve Stalheim
kommunaldirektør

Marit Lunde
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent